

Protokoll frå årsmøtet i Skarphedin fotball 2019

Tid: Tysdag 26. mars 2019 Stad: Telemarkshallen Til stades; 11 medlemmar

Sak 1) Leiar, Brynjulv Eika, opna møtet

Sak 2) Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader

Sak 3) Val av ordstyrar, skrivar og representantar til å underteikne protokollen

Ordstyrar: Brynjulv Eika

Skrivar: Merete L. Borgersen

Underteikne protokollen: Linda Stangeland og Sindre Gulbrandsen

Sak 4) Godkjenning av fotballgruppa si årsmelding for 2018

Ordstyrar gjekk gjennom årsmeldinga. Ingen endringar blei gjort.

Vedtak: Årsmeldinga ble samrøystes vedteke.

Sak 5) Godkjenning av resultatrekneskap og balanse for 2018

Leiar gjekk i gjennom rekneskapen og balansen pr. 31.12.18.

Vedtak: Rekneskapen, slik det ligg føre, blei samrøystes godkjend

Sak 6) Godkjenning av handlingsplan for 2019

Leiar gjekk gjennom handlingsplanen for 2019.

Daglig leiar Magne Sanden orienterte årsmøtet om at taket i Telemarkshallen lekker. Dette vert tatt inn i handlingsplanen i forbindelse med drifts- og vedlikehaldsplanen.

Vedtak: Handlingsplanen for 2019 blei samrøystes vedteke.

Sak 7) Fastsetting av budsjett for 2019

Leiar gjekk gjennom styret sitt framlegg til budsjett for 2019

Vedtak: Budsjettet blei samrøystes vedteke.

Sak 8) Sportsplan

Leiar gjekk kort gjennom ny sportsplan for Skarphedin Fotball. Det har kome inn tre merknader til Sportsplanen frå medlemmer i klubben og NFF Telemark. Årsmøtet vedtok å endre ordlyden under pkt. Trening og kamper (13-16 år) til: *Oppmøteprosent vil ha innvirkning på*

kamparena (s. 16). Årsmøtet vedtok å endre hovudmålet i Sportsplanen til : Skarphedin fotball skal organisere og leggje til rette for alle som vil spele fotball i Bø.

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å ta inn Keeperrollen og Oppstartsansvarlig i Sportsplanen, etter innspel frå NFF Telemark.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner Sportsplanen til IL Skarphedin Fotball, med dei tillegg som er overlatt til styret å utarbeide.

Sak 9) Val

Forslag til nytt styre blei lagt fram og samrøystes vedteke: Rune Mathiesen (Valkomitè) la fram forslag til nytt styre.

Styret:

Leiar Cathrine Aaslund, 1 år

Styremedlem Ingvar Hellestad, 2 år

Styremedlem Torgeir Sersland, 2 år

Styremedlem Merete L. Borgersen, ikkje på val

Styremedlem Wenche Kåsa, ikkje på val

1. Varamedlem Rune Digranes Bøen, 1 år
2. Varamedlem Sindre Gulbrandsen, 1 år
3. Varamedlem Asle Langkås, 1 år


Brynjulv Eika blei takka av etter å ha vore leiar i Skarphedin fotball sidan 2003.

Valnemda:

Rune Mathiesen, til 2020 (leiar)

Jan Helge Roe, til 2020

Linda Stangeland



Sindre Gulbrandsen

Merete L. Borgersen(referent)

